



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1949

Namnet på vatnet

Sjøvatnet

Kommune

Kleved

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

S Ø R A V A T N E T
(Idsalvatnet)

Synfaringa vart foreteken den 22 august 1979.

Vatnet ligg i Strand kommune, nærare stadfest på Idsal, vest for Idsalsundet.

Arealet er omlag 5 ha. og h.o.h. berre nokre få meter.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over er det eit grunt vatn.

Stranda består stort sett av stein og fjell.

Gjørmebotn dominerar.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna botngras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner om noko kultivert mark, skogsmark og myr.

Div. småbekker fell inn ^{ymse} stader og avlaupet renn ut i aust til Idsalsundet.

Dei kjemiske tilhøva.

Vassfargen er brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.25 som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 4.85 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 7.00 mg/l. Dette er mykje godt samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 52.30.

Gjennomstrøyminga er liten.

Fisk m.v.

Det vart ikkje foreteke prøvafiske, då ein fekk opplyst at vatnet var fisketomt. Det er vel likevel grunn til å tru at det vil finnast ål og kanskje også stingsild, då vatnet ligg såpass nær sjøen.

Konklusjon.

Ut frå den foretekne synfaringa og vassprøvene kan vi slå fast

at tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i Søravatnet. pH er som nemnt mykje god og vatnet har også ei god "bufferemne" slik at svingningane i pH vil vera små gjennom året. Då vatnet er grunt, og har ein frodig vegetasjon, vil fåren for oksygensvikt vera til stades. Vi berre nemner dette, utan at ein treng leggja for mykje vekt på det. Gytetilhøva er dårlege og vil vanskeleg kunna stå for ei tilfredsstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vi vil på det beste tilrå at det blir sett ut fisk i Søravatnet. Etter alt å døma vil ein kunna få fram fisk av matnyttig storleik og god kvalitet i dette vatnet.

Arealet er omlag 5 ha. og reknar vi med ei avkasting på ca. 8.0 kg pr. ha. skulle det bli ca. 40.00 kg. pr. år.

Om vi vidare reknar med at fisken ved gjenfangst skal vera ca. 250 gram, tilsvarar det 160 fiskar. Ei viss avgang vil det alltid vera, slik at høvande utsetjingstal kan setjast til 200 settefisk pr. år over ein 3 års periode.

Settefisken bør merkast ved ulik finneklipping kvart år, då det vil vera av interesse ved seinare gjenfangst.

Då Svinesvatnet er overbefolka, måtte det la seg gjera å inngå ein avtale med grunneigarane her, eller event. andre i nærleiken, for å få tak i settefisk.

Fin settefisk kan også leverast frå Vikedal til ein pris av kr. 2.50 pr. stk.

Det var ynskjeleg om grunneigarane til Søravatnet ville setja i gang dette kulturtiltaket, då det er eit altfor verdfullt vatn til å ha liggjande fisketomt.

Vatnet er lite og oversikteleg og fiskebestandet lett å halde under kontroll.

Tre år etter fyrste utsetjinga må det takast eit prøvefiske for å sjå resultatet.

Underskrivne vil om ynskjeleg vera hjelpesam med kulturtiltaket.

Stavanger 21/2 1980

Einar Berg